

# Hardangerbadet

eit stort nytt bade-, helse-, trenings- og velværesenter i Kvam

## Vedtak Kvam heradsstyre

30 september 2015





Hardangerbadet - badeland - velværesenter

Postboks 133

5604 ØYSTESE

Vår ref.  
14/293-24/N-252//ASTFJE

Dykkar ref.

Dato:  
23.05.2014

## Melding om vedtak i H-sak 26/14 - Søknad om kommunal deltaking i Hardangerbadet

Viser til dykkar søknad om kommunal deltaking i prosjektet Hardangerbadet. Kvam heradsstyre behandla saka i møte måndag 19. mai 2014 og har gjort følgjande vedtak:

### HST-026/14 Vedtak:

Kvam heradsstyre (HST) viser til den framlagde søknaden frå Hardangerbadet AS (HB AS), og stiller seg positiv til prosjektet som fell inn under Kvam herad (KH) sine visjonar om å vidareutvikla sentrumsområdet i Øystese / Norheimsund som eit senter i regionen både innan attraktivitet for innbyggjarar, besøkjande og næringsliv og som eit næringsprosjekt med å vidareutvikla og skapa ny aktivitet i Kvam.

Prosjektet inneheld interessante og komplimentære element som samla sett gir grunnlag for betre tilbod og ny aktivitet både lokalt og regionalt, og vil om det vert realisert tilføra både Kvam og Hardanger noko nytt og spennande.

HB AS forespør KH om å ta del i prosjektet på fleire område, samt å dekkja kostnader knytt til prosjektering av badeanlegget som grunnlag for endelege vedtak. HST vil at KH skal samarbeida med og støtta HB AS i det vidare arbeidet under forutsetningar som fylgjer;

1. Kvam herad går inn i vidare utarbeiding av prosjektet i samarbeid med HB AS.
2. Kvam herad vil arbeida med den intensjon å få realisert badedelen/ evt. deler av badedelen som eit kommunalt føretak / interkommunalt selskap (HB KF/IKS).
3. Det skal utarbeidast alternative former for organisering og finansiering av eit evt. HB KF/IKS, med Kvam herad og andre offentlege eigarar samt anna offentlig deltaking og støtte i prosjektet, her medrekna ein analyse av risikoen med ei slik organisering. Det skal og utarbeidast organisering / driftsmodellar for privat /kommersiell drift av anlegget tilpassa dei aktuelle finansierings- og støtteordningane, og med tilstrekkelege garantiar for å gi forutsigbar / unngå økonomisk risiko for Kvam herad og andre offentlege samarbeidspartar.

4. Kvam herad skal saman med HB AS, arbeida opp mot Hordaland Fylkeskommune, evt. andre hardangerkommunar og Hardangerrådet for best mogeleg finansiering av HB KF/IKS som eit regionalt anlegg.
5. Kvam herad vil samarbeida om og jobba for å utvikla helsedelen i senteret, - jamfør søknad frå HB AS. Dette skal fortrinnsvis gi nye tilbod innan helsetenester i samarbeid med bl.a. Helse Bergen og Helse Vest.
6. Kvam herad vil dekkja sin del av kostnadene i forprosjektet knytt til badeanlegget sett til kr. 1,5 mill., samt dekkja kostnad med prosjektstilling i Kvam herad under forprosjektet på kr. 0,5 mill. Kostnadane vert finansiert frå konto: 256 000 13 Mastekompensasjon
7. Den aktuelle tomta ved Hardangerfjord Hotell som er i Kvam herad si eige og som er regulert til formålet, vert stilt til disposisjon for prosjektet som del av Kvam herad sitt bidrag.  
Kvam herad vil ved realisering av prosjektet i tillegg til tomt med verdi til takst løyva inntil kr. 20 mill. til HB KF/IKS Midlane vert finansierte ved bruk av fond.
8. Det er ein føresetnad for Kvam herad si deltaking i HB KF/IKS at prosjektet som ein heilheit vert realisert.
9. HB AS står for prosjektleiing, og arbeidet vert organisert slik at Kvam herad og evt. andre partar blir representert i prosjektgruppa.

Formannskapet vert referansegruppe for Kvam herad sitt engasjement i prosjektet.

10. Kvam heradsstyre vil gjera endeleg vedtak om prosjektet inkludert organisering og finansiering når forprosjekt føreligg og saka vert lagt fram for heradsstyret på nytt, i løpet av hausten 2014.

Med helsing



**Astrid Ljones Fjærestad**

Assisterande rådmann

Telefon: 56553065

Epost: [astrid.fjerestad@kvam.kommune.no](mailto:astrid.fjerestad@kvam.kommune.no)



Hardangerbadet v/ Martin Vik  
Øvre Vik 50  
5610 ØYSTESE

Vår ref.  
14/293-79/N - 252/757

Dykkar ref.

Dato:  
03.09.2015

## Melding om vedtak HST- sak 057/15- Kommunal deltaking i Hardangerbadet

Kvam heradsstyre har i sitt møte 24.08.2015 gjort følgjande vedtak i saka:

Kvam heradsstyre vedtek at:

1. Hardangerbadet vert organisert som tilrådd modell i «Vedlegg 13 – delutgreiing organisering, finansiering og driftsøkonomi»
2. Rådmannen får i oppdrag å etablere Hardangerbadet KF. Vedtektene til føretaket skal leggjast fram for Kvam heradsstyre for godkjenning.
3. Hardangerbadet (badeanlegget) vert seksjonert i to deler;
  - a. Hardangerbadet KF skal eiga garderobeanlegg, trenings- og konkurransebasseng (25 x 12,5 meter) og opplærings- og terapibasseng (12,5 meter) i eigen seksjon.
  - b. Hardangerbadet eigedom AS eig resten av badeanlegget, kafé, kontorlokale og treningsstudio
4. Kvam herad skal ikkje påførast nye netto driftskostnadar som følge av bygging av Hardangerbadet. Det vil seia at Kvam herad/Hardangerbadet KF som minimum må gå i null kvart år, samanlikna med dagens situasjon, slik som vist i sakstutgreiinga
5. Bassenga i Norheimsund, Øystese og Ålvik vert lagt ned seinast når Hardangerbadet kan takast i bruk til skulebading
6. Næringslivsaktørar har stilt underskotsgaranti i Hardangerbadet på kr 1 mill pr år i ti år. Ordlyden i garantiane skal endrast slik at dei garanterer for husleigeinntekta til HB KF frå HB AS/ eventuelt underskot i HB KF. Garantiane skal kredittvurderast og det skal eventuelt stillast krav om tilfredsstillande tryggleik for garantiane der det vert vurdert som naudsynt.
7. Hardangerbadet KF driftar eige anlegg til skulebading
8. For at kommunen skal ha kontroll over sin del av anlegget uavhengig av den kommersielle delen, bør forhold som er kritisk med omsyn til drift av anlegget vera under Kvam herad sin fulle kontroll. Det vil seia at driftsmiddel knytte til slik drift også i utgangspunktet bør eigast av Hardangerbadet KF. Det tekniske anlegget er eit typisk eksempel på eit driftsmiddel som bør eigast og driftast av det kommunale føretaket. Dette sikrar KH mot driftsstans ved eventuell konkurs hjå privat leigetakar, og Kvam herad unngår tilbakebetaling av spelemidlar og moms kompensasjon.
9. Hardangerbadet KF leiger ut det offentlege anlegget til Hardangerbadet Drift AS når anlegget ikkje er i kommunal bruk

10. Total byggjekostnad for Hardangerbadet KF sin seksjon er førebels estimert til kr 90,5 millionar. Kostnaden med å byggja Hardangerbadet KF skal finansierast slik:  
Eigenkapital finansiert med kommunalt låneopptak: kr 20 mill  
Spelemidlar: kr 17 mill  
Mva.komp/mva.frådrag: kr 18 mill.  
Kommunal tomt(endå ikkje taksert): kr 3 mill.  
Tilskot frå andre(eventuelt ekstra spelemidlar): kr 32,5 mill.
11. Kommunen sitt tilskot skal uavhengig av endeleg byggjekostnad, avgrensast til låneopptaket på kr 20 millionar, i tillegg til tomt og mva.komp/mva.frådrag. Dette skal innarbeidast i avtaleverket mellom Kvam herad og Hardangerbadet AS.
12. Forskotering av spelemidlar skal finansierast ved lån frå fond 25300002 – Uttak eigenkapital Kvam kraftverk
13. Kr 20 millionar som tidlegare er avsett av konto 25600013 – mastekompensasjon vert redusert til kr 10 millionar, som buffer for eventuelle underskot Kvam herad må dekkja i Hardangerbadet KF.
14. Det skal før byggjstart innhentast bindande forhåndsuttale frå Skatt vest for å stadfesta den rettleiande uttalen frå juni 2015
15. Hardangerbadet KF er underlagt lov om offentlege innkjøp og prosjektet må organiserast slik at lovverket vert etterlevd. Kvam herad er byggherre for bygging av Hardangerbadet KF. Rådmannen får i oppdrag å utarbeida eit godt avtaleverk mellom partane i forkant av byggjstart for å oppnå eit ryddig samarbeid.
16. I det vidare arbeidet med Hardangerbadet må det leggjast stor vekt på estetisk utforming av både bygget og omgjevningane rundt bygget. Kvam herad i lag med Hardangerbadet, set ned ei gruppe som tek seg av dette.
17. Det er ein føresetnad for Kvam herad si deltaking i Hardangerbadet KF at prosjektet som ein heilheit vert realisert. Det vil seia at hotellet, Hardangerbadet KF, Hardangerbadet eigedom AS og Helsebanken ANS skal byggja sine seksjonar samstundes.
18. Rådmannen får løyve til i samarbeid med Hardangerbadet å få arbeida vidare etter intensjonane som er skissert i vedlegg 14 –delutgreiing Helse i Hardangerbadet og i vedlegg 9 Rapport frå arbeidsgruppe- Helse i HB, med intensjon om å etablere ein trepartavtale med Helse Bergen.
19. Kostnadsramme for Hardangerbadet KF sitt prosjekt bygd på bindande anbod, samt ei stadfesting av at føresetnadane i dette vedtaket er oppfylt, skal leggjast fram for Kvam heradsstyre til godkjenning før endeleg oppstartvedtak vert gjort.

Helsing

  
Asbjørn Tolo

Ordførar

Telefon: 56553011

Epost: asbtol@kvam.kommune.no